



Masfjorden kommune

Møtebok for Eldrerådet

Møtedato: 29.03.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:00 - 13:15

Fellesmøte med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

10:00 - 10:45 Gjennomgang av saker og orienteringar

10:45 - 11:15 Lunch

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Ivar Haukeland		Medlem
Inger Jåstad	Krf	Medlem
Helga Hodne		Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Britt Inger Myhr	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Johnny Eidsheim		Britt Inger Myhr

Følgjande frå administrasjonen møtte: Assisterande rådmann Sveinung Toft, konsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka. Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til fellesmøtet.

Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

001/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 3
002/2023	Godkjenning av møtebok	s. 4
003/2023	Høyring - reguleringsplan for Hosteland Vest	s. 5
004/2023	Referatsak	s. 7
1	Eldrefesten 2023 - drøfting	s. 9
2	Vedlikehold rundt omsorgsbustadar	s. 10

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FE-033	23/282

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2023	Eldrerådet	PS	29.03.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Eldrerådet - 001/2023

ER - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ER - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FE-033	23/282

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2023	Eldrerådet	PS	29.03.2023

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Journalposttittel

Protokoll - Eldrerådet - 21.11.2022

Dato

14.12.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Eldrerådet - 002/2023

ER - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ER - vedtak:

Møtebok frå Eldrerådet 21.11.22 vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-033, TI-&75	22/463

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2023	Eldrerådet	PS	29.03.2023
003/2023	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	29.03.2023

Høyring - reguleringsplan for Hosteland Vest

Vedlegg:

Journalposttittel

	Dato
Planskildring Hosteland vest 03.01.2023 på høyring	21.03.2023
Føresegner 03.01.2023 reguleringsplan for Hosteland Vest - på høyring	21.03.2023
Hosteland vest - Plankart på høyring	21.03.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Til drøfting i rådet:

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Føretaket ABO Plan & Arkitektur AS har på vegne av oppdragsgjevar Masfjorden kommune sendt inn framlegg til reguleringsplan for Hosteland Vest. Planen har fått plan – ID 463420210003.

Formannskapet i Masfjorden kommune har i møte den 02.02.2023, sak 007/2023, gjort vedtak om å leggje 1. gangs framlegg til reguleringsplan for Hosteland Vest ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

Arealet er i hovudsak avsett til bustad i kommuneplanen sin arealdel (2018-2030), og noko av arealet er avsett til LNF. Arealet avsett til bustad utgjer ein stor del av bustadreserven i Masfjorden sin kommuneplan. Tilkomst til feltet vil vere via Fv570 Fensfjordvegen. Vestland fylkeskommune har delteke på synfaring og gjeve tilbakemelding på kva løysing på tilkomst til området som kan akseptrast.

Formålet med reguleringsforslaget er å leggja til rette for bygging av om lag 50 bustader i form av einestader og fleirmannsbustader, samt friluftsområde mot sjø og bryggjer. Planområdet består i dag av skogsområde og bart fjell. Planområdet er på ca. 212 dekar, og inkluderer deler av riksvegen i nord. Det er eit vassdrag i nord som går gjennom planområdet, og deler dette opp i ein austleg del og

ein vestleg del

Frå bustadområdet er det planlagd snarveg for mjuke trafikantar i retning sentrumsområdet på Hosteland via kommunal veg til Træet. Planforslaget opnar kort oppsummert for følgjande tiltak:

- Bustader, ca. 50 nye
- Småbåtanlegg, 2 nye med til saman ca. 50 plassar.
- Tursti/-veg mot kommunal veg Træet
- Tilførselsvegar med og utan fortau
- Busslommer langs Fv570
- Friområde/uteopphaldsareal ved sjø
- Leike- og uteopphaldsareal
- Kommunalteknisk infrastruktur

Tomteutnyttinga er sett til 35 % BYA for frittliggjande småhus, og 45 % for konsentrerte småhus, og byggjehøgda er sett til maksimum 7,5 meter over planert areal. Til planområdet er det definert mange rekkjefølgjekrav i § 5 i føresegnene, som skal ivareta viktige kvalitetar og tryggleik m.v.

Det vert vist til vedlagde planskildring, med plankart og føresegner.

Vurdering

Saka er på høyring, og det er opp til rådet om ein vil koma med merknad til reguleringsplanen, som no er ute til offentleg ettersyn.

Eldrerådet - 003/2023

ER - behandling:

Assisterande rådmann Sveinung Toft orienterte og saka vart drøfta.

ER - vedtak:

Eldrerådet har ingen merknadar til reguleringsplanen

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FE-033	23/282

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2023	Eldrerådet	PS	29.03.2023

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Eldrefesten 2023 - drøfting
2. Vedlikehald rundt omsorgsbustadar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Eldrerådet - 004/2023

ER - behandling:

Saker som vart drøfta:

Postlister:

Inger Jåstad stilte spørsmål om kvifor ikkje søkjarlister vert lagt ut. Når ein ser på postlistene står det IP som tyder ikkje publisert. Om ein ynskjer å sjå kven som har søkt stilling må ein kontakta kommunehuset for så å få dei tilsendt. Ein finn heller ingen informasjon om kven som er tilsett i kommunale stillingar.

Assisterande rådmann Sveinung Toft seier at det er problem med programmet som vert nytta, men at det vert jobba med å få på plass publisering av søkjarlister.

Kostnad ved eldretreff på Sørsida:

Helga Hodne viser til at når ein har eldretreff på Sørsida må ein betal husleige. Dette er fordi lokala som vert nytta er leigd ut av kommunen til Sandnes Vel. Som igjen leiger ut til eldretreff. I andre deler av kommunen, er eldretreffa i kommunale bygg, som er gratis.

Assisterande rådmann Sveinung Toft ber dei sende søknad til ordføraren om tilskot til husleige.

Fastlegar:

Helga Hodne er bekymra for fastlegeordninga i Masfjorden kommune. Dei to fastlegane me no har nærmar seg pensjonsalderen. Ho meiner kommunen må ha dialog om overlapping og planleggje utlysing av stillingar.

Assisterande rådmann Sveinung Toft seier at ein ikkje veit når legane vil pensjonere seg og at ein sjølv sagt vil ha fokus på gode legetenester når dette vert aktuelt.

Tannlege:

Helga Hodn spør om kommunen kan nytte tannlegen i Sløvåg til dei innbyggjarane som har rett på fri tannlege.

Ordførar Karstein Totland svarar at dette er diskutert, men pr no er det ikkje mogeleg å få dette til. Kommunen sitt ansvar er å få brukarane til tannlege i Knarvik.

Sikring rundt private heimar som har heimeteneste:

Ivar Haukeland har opplevd at det på trapp til eldre heimetenestebukar var så mykje is at vedkommande ikkje kunne komme seg ut. Han spør kven som har ansvar for å sikre slike heimar. Teknisk sjef Roald Kvingedal svare at TML brøyter til brukarar som skal ha heimeteneste, men at dei ikkje har ansvar for manuell snøbrøyting til private heimar. Viktig å ha god dialog mellom ulike tenester i kommunen.

ER - vedtak:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-033, TI-&75	22/463

Saknr	Utval	Type	Dato
1	Eldrerådet	RS	29.03.2023

Eldrefesten 2023 - drøfting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert drøfta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Eldrerådet har ansvaret for eldrefesten og det er naturleg å ta ei drøfting no i vår om tidspunkt, stad m.v.

Eldrerådet - 1

ER - behandling:

Ivar Haukeland ynskjer å starte tidleg med planlegginga. Han foreslår at festen i år vert lagt til ein annan del av kommunen. Han foreslår Solheim Grendahus. Dato for festen vert 2. oktober. Festtalar og festleiar vart drøfta.

ER - vedtak:

Eldrerådet vart samd om at Eldrefesten 2023 vert i Solheim Grendahus den 2. oktober.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID

Saknr	Utval	Type	Dato
2	Eldrerådet	RS	29.03.2023

Vedlikehald rundt omsorgsbustadar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Eldrerådet - 2

ER - behandling:

Inger Jåstad meiner at det er manglande vedlikehald rundt kommunale omsorgsbustadar. Teknisk sjef Roald Kvingedal viser til manglande kapasiteten på avdelinga. Det er ikkje alltid så lett å nytte sommarvikarar til slikt arbeid, då ein må nytte maskiner som ikkje alle vikarar har lov til å bruke.

ER - vedtak:

Eldrerådet ber om at TML syter for at uteområda kring kommunale omsorgsbustadar i kommunen er velstelte og godt vedlikehaldne.

Rett utskrift frå møteboka frå Eldrerådet 29.03.2023 vert vitna:

Ivar Haukeland
leiar

Sveinung Toft
ass. rådmann